

Naturen har lagd til rette tilhøva for eit stort torske- og hysefiske, men:

Det er opp til oss menneske kor stort og kor varig utbyttet blir —!

Det er no velkjent at bestandane av torsk og hyse i Barentshavet vil auka i tida etter 1985. Kor raskt og kor mykje kan fangsten aukast? I det fylgjande skal eg freista å gjera greie for dette, men først skal vi sjå litt på fangstutviklinga i desse bestandane gjennom dei siste åra.

Fangsten i åra 1977—1983

Tabellen nedanfor viser fangsten av torsk og hyse i perioden 1977—1983 i tusen tonn (Norsk kysttorsk er ikkje med).

Tala for 1984 vil venteleg bli omlag som for 1983 eller kanskje noko i underkant. Tabellen viser at både det sovjetiske fisket og totalfangsten har minka sterkt i dei siste åra. Det norske torskekvantummet har òg minka, men i mindre grad. Dette har samanheng med fordelinga og alderssamansetjinga av fisken. Fisken har, som fylgje av låge temperaturar i havet, vore fordelt mot vest og sør og såleis lett tilgjengeleg for den norske flåten. Dessutan vart 1975-årsklassen, som har vore hovudtyngda av fangsten i 1979—1982, skjerna mot trålfisket i ung alder i mykje større grad enn dei tidlegare årsklassane. Effekten av dette ser ein lettast når ein no i ettertid samanliknar fangstutviklinga på 1973- og 1975-årsklassane av torsk.

Soga om to årsklassar

Då desse to årsklassane kom inn i fisket som 3-åringar i 1976 og 1978 var dei

For ME'A av
havforskar
Odd Nakken
(Havforskningsinstituttet)



omlag like talrike. Som 3- og 4-åringar vart det av 1973-årsklassen fiska i alt 250 millionar individ, medan det av 1975-årsklassen vart fiska omlag 150 millionar individ.

Skilnaden, 100 millionar individ, er i alt vesentleg skilnaden i fisket av 4 år gamal fisk og den kan tilskrivast stenginga av Nordkappbanken i 1979. Desse fiskane, som ikkje vart fiska som 4-åringar, er det som i stor utstrekning har

halde opp det norske fangstkvantummet dei siste åra. Årsklassen 1973 som vart sterkt nedfiska som 3—5 år gamal fisk gav også lite eller ikkje tilskot til gytebestanden i 1980—81. 1975-årsklassen derimot, førde til ein kraftig auke i gytebestanden og Lofotfisket i 1982—1983. Konklusjonen på dette må bli: Fiskeforbodet på Nordkappbanken i 1979, som kom istand etter oppmoding frå norske trålfiskarar, saman med andre tiltak for å verna om ungfisken har kom næringa til gode på to måtar:

- A) Eit vesentleg auka fangstutbytte. (Det er sannsynleg at 1975-årsklassen vil gi omlag 150 tusen tonn større totalutbytte enn 1973-årsklassen.)
- B) Ein større gytebestand i åra 1982—1984 som gav opphav til sterk nyrekruttering i torskbestandene.

Sjølvsagt er det naturen sjøl som regulerer rekrutteringa og skapar sterke eller veike årsklassar, men det første vilkåret som må oppfyllest er at foreldrebestanden er stor nok. Erfaringane med 1973- og 1975-årsklassane bør difor brukast i framtida.

1982-1984-årsklassane si påverknig av bestanden og fangsten i komande år

Målingane som hittil er gjorde av desse torske-årsklassane tyder på at 1982-årsklassen er omlag halvparten så talrik som 1975-årsklassen, medan 1983- og 1984-årsklassane er 3—4 gonger så sterke som 1982-årsklassen, eller omlag dobbelst så talrike som 1975-årsklassen. Dette er ei svært god rekruttering. Ser ein på 3-års perioden 1982—1984 under eitt, er denne rekrutteringa mellom dei sterkaste som er blitt observert i nokon 3-årsperiode i den tida vi har observasjonar. Og sjølv om tala er usikre, spesielt for 1984-årsklassane som vi berre har ei måling av førebels, må vi konkludera med at tilhøva er tilrettelagde for eit godt fiske i framtida. Framskrivningar viser at den fiskelege delen (3 år og eldre fisk) av bestanden vil auka sterkt frå 1985 til 1987.

Kor mykje fangsten vil auka er eit spørsmål om kor «grådig» ein er. Vi har

Forts. side 9

Ar	TORSK			HYSE		
	Noreg	Sovjet	Totalt	Noreg	Sovjet	Totalt
1977	389	370	905	40	52	110
1978	363	267	699	40	46	95
1979	295	106	440	67	26	104
1980	232	115	380	62	21	88
1981	278	83	399	59	13	77
1982	288	40	364	41	3	47
1983	234	23	290	19	1	22

Det er opp til oss . . .

Forts. fra s. 7

tilrådd at ein viser moderasjon både i 1985 og 1986. Med moderasjon meiner vi at ein snarast råd får til ein «maksimumsbeskatning» som er den beskatninga som gjev størst utbyte. Dette er 170 tusen tonn i 1985, omlag 300 tusen tonn i 1986, og omlag 600 tusen tonn i 1987. I praksis medfører dette at *totalfangsten av torsk ikkje bør aukast vesentleg i høve 1983—1984-nivået, før i 1987*. Då er 1982-årsklassen 5 år og 1984-årsklassen 3 år. For åra etter 1987 bør kvantumet kunna aukast ytterlegare, men førebels vil eg ikkje talfesta dette av fleire grunnar som eg skal kome attende til.

Sterk auke i hysebestanden

Rekrutteringssituasjonen for hyse er ifylgje våre observasjonar minst like god som for torsk. Årsklassane 1982—1984 er alle sterke. Framskrivningane viser at den fiskelege delen av bestanden vil auka sterkt i perioden 1985—1987. Vi har tilrådd eit hysekvantum for 1985 på opp til 50 tusen tonn og for 1986 og 1987 meiner vi at det bør kunna fiskast omlag 100 og 180 tusen tonn. Vanlegvis er målingane som vi gjer på hyse noko meir

usikre enn for torsk og serleg talet for 1987 bør ikkje leggast for stor vekt på. Men alt i alt bør hysekvantumet kunna aukast monaleg i dei neste tre åra.

Utvikling av gyte- bestanden — skreifisket

Gytebestanden av torsk hadde eit maksimum i 1982 då 1975-årsklassen vart kjønnsmoden. Frå 1982 til 1984 har gytebestanden minka noko. Denne tendensen vil halda fram. Årsklassane 1979—1981 som vil utgjera mesteparten av gytebestanden i 1986—1987 er veike. Framskrivningane viser at skreibestanden og venteleg også skreifisket kan bli vesentleg mindre i dei neste to—tre åra enn det har vore i perioden 1982—1984.

Dei sterke årsklassane, 1982—1984, vil kunna medføra at gytebestanden aukar sterkt mot slutten av 1980-åra. Kor sterk auken blir og kva tid den kjem er avhengig av fleire faktorar: Fisket av ungfisk og vekst og kjønnsmodning av fisken. Dei siste 4—5 åra har torsken vakse fortare enn tidlegare og også blitt tidlegare kjønnsmoden. Mykje av skreien er no 6—7 år, medan det tidlegare var vanleg at den vart kjønnsmoden først som 8-åring. Vi trur dette har samanheng med den vestlege fordelinga fisken har hatt og det at bestanden har vore liten.

Det er sannsynleg at ein i komande år med mykje ungfisk og austleg fordeling av fisken vil observera at vekst og kjønnsmodning nærmar seg meir det ein har hatt i tidlegare tider. Dette vil i så fall medføra at 1983-årsklassen, som er den som vil gi den avgjerande veksten i gytebestanden, ikkje blir kjønnsmoden før i 1990. Men dette er langt fram i tid og mykje kan endra seg. I dag er det umogeleg å seia noko visst om kjønnsmodningsmønsteret for 1983- og 1984-årsklassane. 1982-årsklassen derimot, har hittil synt god vekst og førebels ventar vi at den kan bli kjønnsmoden i 1988—1989 slik at gytebestanden kan auka litt då.

Fisket av ungfisk vil sjølvsagt ha avgjerande verknad på storleiken av gytebestanden og utbytet av skreifisket mot slutten av dette tiåret. Det ser ein best av samanlikninga mellom 1973- og 1975-årsklassane som vart gjort tidlegare i denne artikkelen: Skal det bli gytebestand (med fylgjande rekruttering) og skreifiske må ein stor nok del av ungfisken få overleva. Derfor tilrår vi varsemd i opptrappinga av fisket.

Til slutt: Frå naturen si side er tilhøva no tilrettelagde for eit stort og varande torske- og hysefiske i framtida, og det er i stor mon opp til oss menneske kor stort og varig utbytet blir.

Hva er F.U.?

F.U. yter økonomisk hjelp til fiskere eller til deres uforsørgede etterlatte ved ulykker som medfører uførhet *minst 15 %* eller dødsfall.

Kassen finansieres gjennom tilskudd fra fiskesalgslagene. Alle yrkesfiskere som har levert fangst gjennom et fiskesalgslag er berettiget til stønad fra F.U.

Derfor — hvis ulykken er ute — ta kontakt med

FISKERNES ULYKKESKASSE

Postboks 519, 7001 Trondheim

telefon 07 52 96 80

eller det lokale fiskarlag.